



Oterholtvegen 148, 3802 Bø
org nr 975618838

Bø, 10. mars 2025

Til

- Midt-Telemark kommune v/utval for oppvekst og kultur (post@mt.kommune.no)
- Universitetet i Sørøst-Norge v/kulturstudiet (postmottak@usn.no)
- Bø Bygdekvinne lag (astrid@hsag.no)
- Spelemannslaget Bøheringen (haloenne@online.no)
- Bø Ungdomslag (bungdomslag@gmail.com)
- Bø mållag (bomallag@gmail.com)
- Medlemmene

Innkalling til årsmøte 2025 – Bø museum

Stad: Polen, Bø museum, tysdag 25. mars 2025 kl 18.00.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteiar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Årsmelding 2024
4. Rekneskap 2024
5. Årsplan 2025
6. Budsjett 2025
7. Medlemskontingent 2026
8. Innkomne saker
 - a) Forslag om sal/avhending av Nistugu Østerli, sak frå styret
9. Val

Årsmelding, rekneskap, forslag til årsplan og budsjett for 2025 og saksutgreiing sal/avhending av Nistugu Østerli er vedlagt årsmøteinnkallinga.

Etter årsmøtesakene vil Cecilie Authen, dagleg leiar ved Bø museum ha foredrag om «Rikard Berge og Johanna Bugge Berge, innsamling, samarbeid og kunstnarskap i perioden 1900 – 1950».

Enkel servering. *Velkommen på årsmøtet!*

Helsing Kristin Kleppen
leiar Bø museum



ÅRSMELDING ❄️ 2024



Bø museum er eit regionalt museum danna september 1977. Museet var tidleg tufta på eit samarbeid mellom Bø kommune, Bø ungdomslag, Bø bondekvinnelag, Bø historielag, Bø mållag, Spelemannslaget Bøheringen og Telemark distriktshøgskule. I byrjinga og fram til og med året 1999 heitte museet Bø bygdemuseum, før det i år 2000 skifta namn til Bø museum. Frå 1981 kunne publikum takast imot ved museet og frå 1982 hadde museet fast opningstid.

Bø museum var i perioden 01.01.2003 - 31.12.2015 ein del av Telemark Museum og i den perioden hadde Telemark Museum driftsansvaret for Bø museum. Etter dette har museet i hovudsak vore drifta med utgangspunkt i kommunale ressursar og ulike søknadsmidlar, og har sidan skipinga på 1970 talet hatt glede av stort engasjement frå lokal frivilligheit.

Bø museum blir drifta som sjølvstendig museum, men inngår i samarbeidet Midt-Telemark Museumslag. Museet skal jmf. vedtektene i museet: «Ta vare på bygningar, gjenstandar og annan tradisjon som er særmerkt for tradisjon i Bø, og drive museumsverksemd, samle, sikre dokumentasjon, drive formidling og utvikla ny kunnskap gjennom forskning». Det er Bø museum sitt styre, leia av styreleiar, som har økonomisk og formelt ansvar for forsvarleg drift av museet. Tilsett museumsstyrar/konservator har fagleg ansvar for dagleg drift (Sjå vedtekter, Bø museum §1 og 4).

Årsmøtet 2024 blei halde 21. mars 2024, det møtte 28 personar.

Årsmøtet vedtok å auke medlemskontingenten til kr 300 for enkeltmedlemmer og kr 400 for familie/husstand, gjeldande frå 2025.

Styret for 2024

Leiar Kristin Kleppen

Kari Lønnestad

Geir Sønstebø

Kari Rast Monge

Jørn Berget

Ingrid Smedstad, representant for
Midt-Telemark kommune.

Sigrid Straand, vara

Varamedlemmar

1. Ellen Schrumpf

2. Atle Tjønnås

3. Halvor Kleppen

4. Kristin Ødegård Vestgarden

5. Sigrid Stykket

Revisor: Hans Martin Rugstad

Valnemnd

Oddbjørg Nevestveit til 2025

Einar Fagerås til 2026

Evy Beate Stykket til 2027

Dagleg leiar, Cecilie Authen (fom oktober 2024).

Fordeling av verv

Styret konstituerte seg sjølv slik:

Nestleiar: Geir Sønstebø

Skrivar: Kari Rast Monge

Kasserar: Bergit Li (ikkje medlem av styret)

Rekneskapsfører: Torgeir Heiberg Larsen
(ikkje medlem av styret)

Økonomiansvarleg: Kristin Kleppen

Nøkkeltal pr. 31.12.2024

Gjenstandssamlinger: 9 021 registrerte gjenstandar, og 2 276 av desse er publisert og formidla på digitaltmuseum.no

Fotosamlinger: 50 000 fysiske fotografi, og omkring 70 000 digitaliseringar. 13 028 foto er publisert og formidla på digitaltmuseum.no.

Privatarkiv: Bø museum bevarer om lag 250 ulike arkiv. Arkiva er publisert i ei oversikt over på lokalhistoriewiki.no.

Bygningar: Bø museum forvaltar 19 bygningar pr desember 2024.

Filmsamlinger: Bø museum bevarer ei større filmsamling etter Gunhild og Birger Kinck som tel omkring 1 000 nummer.

Boksamlingane: Museet si lokallistoriske fagboksamling utgjer omkring 10 200 bøker.

Totalt hadde Bø museum cirka 2 300 besøkande i 2024. I tillegg kjem dei som brukar museumsområdet og Kvennøya til friluftaktivitetar.

På digitale flater som DigitaltMuseum, er formidla 15 083 objekt pr. 01.01.2025. I 2024 hadde samlingane på nettplattformen 59 312 besøk frå 20 292 brukarar, fordelt på land frå heile verda, men primært Noreg. 40 200 av visningane var knytt til fotosamlinga til museet.

Medlemer: Bø Museum hadde 122 betalande medlemmer og 7 livsvarige medlemmer pr. 31.12.2024.

Økonomi: Museet fekk eit overskot på kr. 79 945 i 2024. Renteinntekter kr 85 643. Museet mottek driftstilskot frå Midt-Telemark kommune og arbeider kontinuerleg med å søke midlar.



Arbeid i styret

Styret for Bø museum har hatt 9 møte og behandla 86 saker i 2024. Viktige saker som det er arbeidd med, kan nemnast:

- Soga, nettverk for frivilligstyrte museum. Styret vedtok på møtet 6. mars å ikkje bli medlem av nettverket.
- Oppsetting av stakittgjerde i malmfuru frå Oterholt bru til Åsestugo, Håkon Strand var byggeleiar og vedlikehaldsgruppa gjorde arbeidet.
- Oppgradering av bål plass på Kvennøya, det er sett opp ein ring med steinar frå Steinsenteret (gratis). Åtte nye benkar er også på plass på Kvennøya.
- Vreim skule har vore sak på styremøte gjennom fleire år, og 18. juni gjorde styret følgjande vedtak: Museet sender eit brev til Midt-Telemark kommune om at det ikkje lenger er aktuelt å overta Vreim skule, med grunngjeving i tilstand og økonomi.
- Bru over midtløpet på Kvennøya er midlertidig reparert.
- Skade på alarmsystemet i samband med torevêr i mai. Innmat i sikringsskåp både på Polen og på Åheim er bytta i løpet av året.
- Måling av Åheim, ca 2/3 av bygningen blei måla i 2022. Bø museum gjorde avtale med Marek Jakobczyk om ferdigstilling av målearbeidet i 2024. Ein sommar med mykje regn baud på nokre utfordringar, og ein liten rest av målinga skal tas i 2025.
- Blå skilt – kulturhistoriske skal fortelje historia der den hendte. Skilt er sett opp på bygningane Polen, Åheim og Åsestugo. I tillegg skilt på Bø meieri og Bø stasjon.
- Bø museum hadde møte med representantar frå Midt-Telemark kommune og fylkeskommunen 28. august. Dei fekk orientering om museet av Finn Rønning, Jarle Tyvold og Bergit Li.
- Tilsetting av dagleg leiar; Kristin Kleppen, Geir Sønstebø, Ingrid Smedstad og Bergit Li var tilsetjingsutval. Femten søkarar til stillinga. Cecilie Authen er tilsett i 50% stilling for to år.
- Avhending (sal) av Østerli har vore sak på fleire styremøte. Det har ikkje vore aktivitet på Østerli på svært mange år, og Bø museum ser seg ikkje i stand til å vedlikehalde bygningane. Bygningane på Østerli står på leigetomt. Grunneigar har uttrykt ønske om kjøp av bygningane, og bygningane vil såleis koma tilbake til garden der dei kom frå. Det har vore eitt møte med grunneigar, utan at det blei gjort noko avtale. Saka blir arbeidd vidare med i 2025.



Dagleg drift

Cecilie Authen starta opp som dagleg leiar (konservator NMF) 1. oktober.

Dagleg leiar ivaretek dagleg drift og sørger for at drift er i tråd med museets hovudformål, vedtatt planar og nasjonale museumsfaglege rutinar og retningslinjer.

Fram til oktober utførte Bergit Li og Kristin Kleppen nokre av desse oppgåvene. Elles har drifta vore dugnadsbasert, bortsett frå reinhald, rekneskapsføring og omvising under sommarutstillinga.

Frivillig innsats

Fleire grupper og enkeltpersonar ved museet utfører mykje frivillig arbeid, dugnadsinnsats er såleis heilt avgjerande for at det skal vera drift ved museet. Om lag 70 frivillige har bidratt ved Bø museum.



Formidling

-Besøk frå skule og barnehagar

-Våren 2024 var førskulegruppene i barnehagane på museet, baking av brød i steinommen. Seks grupper og 80 ungar.

-I august/september baka 6. klasstrinn brød i steinommen, fire klasser fordela på åtte dagar, totalt 94 elevar.

-Baking av brød i steinommen er eit halvdagsopplegg, og alle får med seg «sitt» brød heim. Tre til fire frivillige frå museet er med kvar dag. Bø museum planlegg og koordinerer opplegget.

-Prosjekt «Energi på Kvennøya» blei tilbydd 6. klasstrinn i mai, over 90 elevar fordelt på fire dagar. 7-8 frivillige hjelte til kvar dag. Prosjektleiar Jarle Tyvold. Opplegget er del av Den kulturelle skulesekken.

-Anna besøk: Bø vgs, to klasser. Notodden vgs, to grupper. Studentar frå USN, tre grupper.

Arrangement

-Dugnads-/medlemsfest 29. februar

-Eg diktar ikkje – eg berre fortel sanninga v/Hæge Manheim og Oddbjørn Aase, 11. april

-Kulturkveld 7. mai, ein takk til Asbjørn Storesund etter 50 år i Bø, samarbeid med Spelemannslaget Bøheringen

-Kulturtur i Limarka 4. juni, samarbeid med Bø Turlag. Kjentmenn Gunleiv Brukås og Halvor Gåra.

-Pilegrimsvandring 20. mai, open kafe.

-Foredrag om Liv Bratterud v/Olav Solberg, 12. september

-Gamle plagg fortel / folkedraktseminar, dagsseminar ved Kari-Anne Pedersen og Terje Lia, 21. september.

-Videokveldar 24. oktober og 14. november, klipp frå samlinga etter Gunhild og Birger Kinck v/Tore Bjørn Pettersen og Johan Kvaal. Drikkeskikkar i Telemark, foredrag Ellen Schrupf, 5. desember

-Julemesse 23. og 24. november, godt besøk. Kafe på Polen. Felespel v/Torgeir Straand søndag. Aktivitetar for barn i utstillingsbygget, elevar i 10. klasse med valfaget «Innsats for andre» hjelpte til. Nisse i fjøset. Sal av kaker mm i Åsestugo, på Åheim var det sal av bøker og ulike handverksprodukt mm.

-Sommarutstilling «Hundre år med jernbane»
Evy Beate Stykket hadde hovudansvaret for utstillinga, med god hjelp av Gunleik Hynne, Anne Hermansen og fleire.

Museet var ope frå 29. juni til 28. juli.
Tre unge jenter dela på å vere museumsvertar.

Det var program kvar søndag, kalla «Sommarsundag på museet».

-Laurdag 29. juni: Opning av sommarutstillinga med bl a Gunleik Hynne og elevar ved Kulturskulen.

-Søndag 30. juni: Bygdevandring på Bø stasjon med Gunleik Hynne

-Søndag 7. juli: Konsert med gruppa Telehiv; Mari Foss, Harald Foss og Helge Røys: Nye og gamle grendeviser

-Søndag 14. juli: Bygdevandring på Oterholt med Finn Rønning

-Søndag 21. juli: Bø for hundre år sidan, ved Halvor Kleppen

-Søndag 28. juli: Hardingfeler frå samlinga til museet v/Atle Tjønnås og Herman Gautefald.

Det blei registrert 730 besøkande i juli.

Det var spesielt godt frammøte dei dagane det var program. To søndagar var det også sal av suppe. Museumsområdet såg «innbydande» ut i sommar, vedlikehaldsgruppa gjorde ein god jobb med kantslått rundt omkring, og kommunen har slått graset ca ein gong i veka i løpet av sommaren. Nytt stakittgjerde i malmfuru frå Oterholt bru til Åsestugo var klart til sommarsesongen.



Samlingsforvaltning

Styret er ansvarleg for samlingane etter at Finn Rønning sa frå seg ansvaret i juni 2022. Styret rådfører seg med Finn. Frå 1. oktober er Cecilie Authen samlingsansvarleg.

Bø museum og Evju bygdetun har avtale med KulturIt om registrering av gjenstandar og foto i forvaltningssystemet Primus og deltaking i nettportalen Digitalt Museum.

Bø museum har mottatt mange gåver i 2024, både store og mindre gåver.

Fotosamlinga

Det er lagt ut 319 nye fotomotiv i registreringsverktøyet Primus i 2024. Dei fleste er også tilgjengeleg på Digitalt museum. Ved sist årsskifte var det til saman 13 929 fotomotiv i Primus. 13 028 av desse er tilgjengelege for alle på nettstaden digitaltmuseum.no.

Ei stor samling bilde er sendt til digitalisering og deponering ved Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana. I tillegg er ei større samling av skanna lysbilde ordna i løpet av året, men denne er enno ikkje lagt inn i Primus.

Det er også i 2024 publisert flyfoto med tekst i Bø blad kvar andre veke.

Digitalt Museum

To nye artiklar ferdige:

1. Skulebygda Bø. Materialet til sommarutstillinga 2023 er sett saman til ein artikkel.
2. Artikkel om trearbeida til Torvald Høydal gjort ferdig. Inneheld videoopptak med Torgeir Straand der han spelar to slåttar på hardingfela laga av Torvald Høydal.

Statistikk: I 2024 var 20 102 brukar inne på digitalt museum og såg 50 812 nettsider frå Bø museum. (I 2023 var tala 13 874 brukarar og 37 707 nettsider.)

Foto var vist oftast, 40 155 foto i 2024 mot 30 567 i 2023.

Boksamlinga

Bøker/tidsskrift/trykksaker blir registrert i systemet Tidemann. I 2024 er det gjort 156 nye registreringar.

Bø lokalhistoriske arkiv

Det blei starta opp eit større arbeid med å komplettere Bø lokalhistoriske arkiv i 2024. Målet er først å gå gjennom dei over 200 arkiva som er samla inn og registrert til no. Kva samlinga består av, skal vere offentleg, og samlinga skal vere lett å finne fram i.



Gjenstandsforvaltninga

Det er utført ein god del arbeid med gjenstandssamlinga i kommunehuskjellaren. Mange av felene i utstillingsbygget er fotografert, men arbeidet er ikkje ferdigstilt.

Lyd

Hausten 2023 blei det digitalisert ein del lydband etter Jens Amundsen. Johan Hindrum Kvaal har stått for dette arbeidet. Kopier av filene blei gitt Gudmund Amundsen og Lars Ingar Meyer Fjeld for gjennomgang og identifisering av innhaldet. Materialet er i januar 2025 publisert på digitaltmuseum under «Bøheringspel»

Nyproduksjon

Det har vore jobba med ein video om Lars Fykerud. Produksjon: Torbjørn Norendal, Asbjørn Storesund og Tore Bjørn Pettersen.

I januar blei det gjort opptak i Gullbring av Demenskoret. Videoen blei vist på samling for Demenskoret på Sjodar 16. april. Produksjon: Torbjørn Norendal, Jorid Bakken og Tore Bjørn Pettersen

Spelstykket på Evju bygdetun «Ein nabokrangel». Produksjon: Torbjørn Norendal, Johan Hindrum Kvaal og Tore Bjørn Pettersen.

Sommarsondag på Bø museum. Presentasjon frå felesamlinga med Atle Tjønnås. Videoopptak: Produksjon: Olav Liestøl, Atle Tjønnås, Johan Hindrum Kvaal.

Tilvekst til eksisterande samling: Det er mottatt ein del nytt materiale til Gunhild og Birger Kinck samlinga; super 8 film med lydspor, ulike spoler, mini DV-kassetar.

Publikasjonar

Fotogruppa leia arbeidet med Bøkalenderen 2025. Bilda er valt ut og tekst skrive av Torgeir Heiberg Larsen, Olav Finstad, Gunnar Brekke Amundsen, Gudmund Amundsen, Tom Arnesen, Cecilie Authen, Ingvar Skobba og Olav Liestøl. Oppsett og klargjering for trykk, Tore Bjørn Pettersen.

Bø museum har levert nokre artiklar til Bø Blad med kulturhistorisk stoff. «Sett frå lufta», gamle bilde frå Bø med omtale er å finne i Bø Blad med jamne mellomrom.

Videogruppa

Har hatt tre arrangement: 23. januar Bø Bygdekvinnelag, 24. oktober Bø museum. Alle kom ikkje inn og det vart eit nytt arrangement 14. november. Det var til saman 100 personar på dei to siste arrangementa.

Bø museum jobbar elles kontinuerleg med å betre bevaring, ordning, registrering og magasinering for museet sine samlingar.



Bygningsvern og vedlikehald

Måling av Åheim Landhandel, arbeidet starta i 2022 og blei ferdigstilt i 2024. I tillegg til opprinneleg plan for måling av bygningen, har styret vedtatt at veggen over «pyntekanten» skal målast strøk nr to. Dette arbeidet skal gjerast i 2025.

Vedlikehaldsgruppa

Tore Bjørn Pettersen og Rolf Steinsland har vore kontaktpersonar for gruppa. Arbeid som er utført i 2024:

- Året starta med rydding og katalogisering i magasinet i kommunehuset.
- Rydding, raking og hogging av busker og kratt på museumsområdet.
- Oppgradering / bygging av ny bål plass på Kvennøya, samt rydda rundt husa og slått gras.
- Reparasjon av bru over midtløpet på Kvennøya.
- Montering av trinn på brua over til Kvennøya da brua blir veldig glatt.
- Klargjering for utstilling om jernbanen, bl a dressin som er montert på skinner utanfor utstillingslokalet.
- Største prosjektet var oppsetting av gjerde mellom Oterholt bru og Åsestugo, 80 m stakittgjerde i malmfuru. Håkon Strand var byggeleiar.
- I løpet av hausten blei det bore inn baksteved, rydda opp etter sesongen, reinska takrenner og klargjort for v interen. Skaffa julenek for sal på julemessa, sett opp juletre og rydda opp etter julemessa.
- Henta traktorplog og knottgenerator frå Nerbø grustak. Etter reingjering er tinga plassert under tak hos Eivind S. Forberg.
- I tillegg har vedlikehaldsgruppa utført mindre oppgåver som dukkar opp.

Støttegruppa

Kontaktperson for støttegruppa er Bergit Li. Støttegruppa har hjelpt til under julemessa; baking av småkaker på førehand og ansvar for kafe Polen, sal i Åsestugo og loddsal. Gruppa klargjorde Åheim og Åsestugo før sommarsesongen, og hjelper til ved ulike arrangement. Støttegruppa har måla kjøkken på Polen. Rekneskap for 2024 er vedlagt Bø museum sin rekneskap.

Andre aktørar som nyttar Bø museum sine lokale fast: Litteraturgruppe kvar tredje torsdag i månaden vår og haust, Spelemannslaget Bøheringen øver annankvar tysdag vår og haust.

Midt-Telemark Museums lag

Midt-Telemark Museum er eit samarbeid mellom kulturorganisasjonar i Midt-Telemark, og viktig oppgåve er samordning av arrangement mellom medlemsorganisasjonane.

Medlemmer er Bø museum, Stiftelsen Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveris Venner, Sauherad Historielag, Stiftinga Bø Prestegard og Norsk Hardingfelesenter (frå 2022). Ein representant frå kvar organisasjon er representert i styret.

MT Museums lag har inngått avtale med Visit Bø.

Midt-Telemark Museums lag hadde årsmøte 21. august, Kristin Kleppen er styreleiar.

Styret for Bø museum 6. mars 2025

Kristin Kleppen/s
Geir Sønstebø/s

Kari Lønnestad/s
Kari Rast Monge/s

Jørn Berget/s
Ingrid Smedstad/s



Resultatregnskap pr. 31.12.2024
Bø Museum


Sak 4

	Note	2024	2023
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		209 003	172 131
Annen driftsinntekt	2	1 013 410	631 152
Sum driftsinntekter		1 222 413	803 282
Driftskostnader			
Varekostnader		30 384	26 565
Lønnskostnad	1	176 653	78 774
Avskrivninger på varige driftsmidler	3	6 899	6 899
Annen driftskostnad		928 533	493 143
Sum driftskostnader		1 142 469	605 381
Driftsresultat		79 944	197 901
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		85 644	55 733
Annen finansinntekter		0	0
Sum finansinntekter		85 644	55 733
Finanskostnader			
Andre rentekostnader		0	0
Sum finanskostnader		0	0
Ordinært resultat		165 588	253 634
Årsresultat		165 588	253 634
Overføringer			
Overføring til annen egenkapital	4	112 033	35 059
Overføring til bunden egenkapital	4	53 555	
Overføring fra bunden egenkapital	4	0	218 575
Sum		165 588	253 634


Balanse pr. 31. desember 2024**Bø Museum**

EIENDELER	Note	2024	2023
Anleggsmidler			
Driftsløsøre, inventar	3	6 897	13 796
Sum varige driftsmidler		<u>6 897</u>	<u>13 796</u>
Sum anleggsmidler		<u>6 897</u>	<u>13 796</u>
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer		16 128	28 290
Andre kortsiktige fordringer		0	400
Sum fordringer		<u>16 128</u>	<u>28 690</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende		2 354 798	2 277 863
Sum omløpsmidler		<u>2 370 926</u>	<u>2 306 553</u>
Sum eiendeler		<u>2 377 823</u>	<u>2 320 349</u>
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Opptjent egenkapital			
Bundet egenkapital	4	1 222 263	1 168 708
Annen egenkapital	4	1 079 976	967 942
Sum opptjent egenkapital		<u>2 302 239</u>	<u>2 136 650</u>
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser		1 575	0
Leverandørgjeld		12 726	18 044
Annen kortsiktig gjeld	5	61 282	165 655
Sum kortsiktig gjeld		<u>75 583</u>	<u>183 699</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>2 377 823</u>	<u>2 320 349</u>

Bø i Telemark den 24.02.2025


Kristin Kleppen
Styreleiar



Geir Sønstebø
Nestleiar


Jørn Berget
Styremedlem


Kari Lønnestad
Styremedlem


Kari Rast Monge
Styremedlem


Ingrid Smedstad
Representant frå Midt-Telemark kommune

Regnskapsnotem er kontrollert og funnet tilfredsstillende dokumentert og i orden!
Bø 3.3.2025


Bø Museum

Noter til regnskapet for 2024

REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter siste dag i regnskapsåret, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi (laveste verdis prinsipp).

Anleggsmidler og langsiktig gjeld

Anleggsmidler omfatter eiendeler til bestemt varig eie og bruk for virksomheten. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler føres opp i balansen og avskrives over driftsmidlets forventede økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være av forbigående art. Nedskrivninger blir reversert når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger finnes å være til stede.

Offentlige tilskudd i forbindelse med investeringen er tatt til nedskrivning av kostpris på det aktuelle driftsmidlet.

Inntektsføring

Tjenesten inntektsføres i takt med utførelsen.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer føres opp i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til påregnelig tap. Avsetning til påregnelig tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Andre fordringer er også gjenstand for en tilsvarende vurdering.

Note 1: Lønnskostnad

	I år
Lønn	159 569
Feriepenger	14 177
Arb.giv.avgift av feriepenger	1 332
Pensjon	1 575
Totalt	176 653

Lønn til daglig leder fra 01.10.2024 utgjør kr 78 750.

Det er ikke utbetalt styrehonorar i 2024. Bø Museum har utbetalt lønn til åtte ansatte i 2024. Som frivillig organisasjon kan Bø Museum utbetale inntil kr 10 000 pr. ansatt uten å gjennomføre forskuddstrekk. Dersom lønnen overstiger kr 50 000 pr. ansatt eller den totale lønnskostnaden er over kr 500 000, må arbeidsgiveravgift beregnes.

Foreningen er ikke pliktig til å ha tjenestepensjon etter loven om obligatorisk tjenestepensjon.

Note 2: Annen driftsinntekt

Følgende inntekter inngår i denne posten:

Mva-kompensasjon	Kr 54 146
Tilskudd Midt-Telemark kommune	Kr 406 000
Leieinntekter fast eiendom	Kr 12 219
Tilskudd fra støttegruppa	Kr 30 000
Tilskudd/gaver ikke omsøkt	Kr 1 041
Andre omsøkte tilskudd	Kr 487 904
Medlemskontigent	Kr 22 100
Sum	Kr 1 013 410

Note 3: Varige driftsmidler

	Inventar	Sum
Anskaffelseskost pr.01.01.2024	68 988	68 988
Tilgang i året	0	0
Avgang i året	-	-
Anskaffelseskost pr. 31.12.2024	68 988	68 988
Tidligere oppskrivninger		-
Akkumulerte avskrivninger pr. 31.12	62 091	62 091
Balanseført verdi pr. 31.12.2024	6 897	6 897

Note 4: Egenkapital

	Bunden egenkapital	Annen egenkapital	Sum
Pr. 31.12.2023	1 168 708	967 943	2 136 650
Årets avkastning på bunden egenkapital	53 555		35 059
Årets overskudd kr 165 588 korrigert for avkastning på bunden egenkapital		112 034	218 575
Pr. 31.12.2024	1 222 263	1 079 976	2 302 239

Note 5: Kortsiktig gjeld

Bø Museum har følgende ubenyttede tilskudd:

- Kr 27 000 til arkivet etter Neri Valen
- Kr 3 500 til undervisningsopplegg skole/barnehage
- Kr 20 000 til skilt

Sum kr 50 300

Tilskuddene inntektsføres ettersom prosjektene blir gjennomført.

Bø Museum:

Resultatregneskap Støttegruppa 2024

	Inntekter	Utgifter
Julemessa	124 205,00	89 745,00
Power, mixar		599,00
Utlegg Bergit, kakegaflar		1 180,00
Tilskot til Blå skilt		30 000,00
Sum	124 205,00	121 524,00

I banken 1.1.2024, brukskonto	217 869,70	
Inntekter 2024	124 205,00	
Utgifter 2024	-121 524,00	
Renter 2024	103,03	
Gebyr 2024	-16,25	
Overført til sparekonto 29. april	-170 000,00	
Overført frå sparekonto	50 000,00	
Overført til sparekonto 27. desember	-70 000,00	
Brukskonto pr 1.1.2025	30 637,48	
I banken 1.1.2024, sparekonto	-	
Overført frå brukskonto 29. april	170 000,00	
Overført til brukskonto 3. desember	-50 000,00	
Overført frå brukskonto 27. desember	70 000,00	
Gebyr 2024, sparekonto	-2,00	
Renteinntekter 2024, sparekonto	3 526,53	
Sparekonto pr 1.1.2025	193 524,53	

06.jan.25

Bergit Li

B. Li

Regnskapet er revidert
og funnet i orden!

Bø 3.3.2025 Hans Martin Rydland



Årsplan 2025 - forslag

(ansvarleg ført i parentes for kvart tiltak)

Formidling, årets tiltak:

- Undervisning for barnehage og grunnskule. Ta imot grupper frå vidaregåande skule og universitet (Bergit Li, Kari R. Monge, dagleg leiar).
- Planlegge og utarbeide sommarutstilling (utstillingsgruppa/ressurs: dagleg leiar).
- Planlegge (søke midlar) og gjennomføre digital utstilling om hardingfelesamlinga ved Bø museum (dagleg leiar/Atle Tjønnås, ekstern kompetanse).
- Planlegge og gjennomføre temakvelder og arrangement (dagleg leiar/arrangementsgruppa).
- Open dag på museet evt. ein dag i veka - kaffi og god prat (Bergit Li, dagleg leiar).
- Oppdatering av heimeside, Facebook, instagram (Bergit Li, Kari Lønnestad/dagleg leiar).
- Julemessa 2025 (styret, frivillige, dagleg leiar).
- Open dag på museet i september, opne utstillingar, foredrag mm. (støttegruppa, styret, d. leiar)

Drift/økonomi, årets tiltak:

- Følgje opp samarbeidet gjennom Midt-Telemark Museums lag (styret/dagleg leiar)
- Oppfølging samlingsforvaltning; gjenstandar, privatarkiv og foto (dagleg leiar/styreleiar/Finn R ressur: frivillige etter avtale).
- Prioritert registreringsprosjekt: filmsamling til Nasjonalbiblioteket (dagleg leiar, styreleiar/frivillige etter avtale).
- Arbeide for økte faste midlerøkt stilling dagleg leiar (dagleg leiar, styret, ressur: styreleiar).
- Strategi, samlingsforvaltning og formidlingsplan vedtatt årsmøtet (dagleg leiar/styret).
- Sende søknadar til ulike prosjekt, som måtte bli aktuelle (Bergit Li, dagleg leiar, ressur: styret).
- Medlemsverving (styret, dagleg leiar).
- Utvikling bevaringsløyser samlingsforvaltning (dagleg leiar, ressur: styret).
- Søknad Norges museumsforbund (dagleg leiar, ressur: styret).
- Følgje opp forskning og publikasjonar (dagleg leiar, ressur: styret/Finn Rønning).

Bygningsvern, årets tiltak:

- Toalettanlegg i tilknytning til Kvennøya, utredning (styret, dagleg leiar, ressur: Geir Sønstebø).
- Betre skilting på museumsområdet (dagleg leiar/styret).
- Utbetring av badstua på Kvennøya. (Vedlikehaldsgruppa, fagressurs Jørn Berget).
- Nytt bygg til traktor planlagt flytta til museumsområdet (styret/dagleg leiar, vedlikehaldsgruppa, ressur juridisk/teknisk: Geir Sønstebø, Jørn Berget).
- Åheim måling, ferdigstille påbyrja arbeid (styret, Jørn Berget).
- Utbetring av pipe Åsestugo (styret, Jørn Berget)

BØ MUSEUM - Budsjett 2025 - forslag

	Budsjett 2025	Rekneskap	Budsjett 2024
	forslag	pr 31/12-24	vedtatt
Driftsinntekter			
3000 Servering og salg av bakevarer	-	300	5 000
3021 Varesalg Pakkbua	50 000	39 758	25 000
3100 Salg av bøker, tidsskrifter	200 000	52 980	180 000
3200 Billettinntekter	70 000	64 775	40 000
3201 Kursavgift	-	12 000	
3205 Kafe og kiosksalg etc	50 000	39 190	25 000
3400 Spesiell off. tilskudd/mva-komp.	80 000	54 146	80 000
3430 Tilskudd frå Midt-Telemark kommune	406 000	406 000	390 000
3600 Leieinntekter fast eiendom	14 000	12 219	20 000
3901 Tilskot frå støttegruppa	-	30 000	10 000
3903 Tilskot, gaver	200 000	488 945	300 000
3920 Medlemskontingent	30 000	22 100	25 000
	1 100 000	1 222 413	1 100 000
Driftskostnader			
4300 Innkjøp varer for videresalg	-15 000	-12 874	-15 000
4301 Innkjøp av bøker/kalend. for videresalg	-175 000	-17 510	-175 000
5000 Lønskostnader	-477 000	-176 653	-88 000
6010 Avskrivninger transp.mid./mask/inv.	-7 000	-6 899	-7 000
6300 Lager og tomteleige	-25 000	-24 328	-25 000
6320 Renovasjon, vann, avløp mv.	-10 000	-9 550	-12 000
6340 Lys, varme	-80 000	-75 057	-100 000
6370 Brann -og innbruddsalarm	-50 000	-75 221	-35 000
6390 Annen kostnad lokaler	-10 000	-49 845	-10 000
6420 Leie datasystemer og internett	-197 000	-87 483	-97 000
6490 Annen leiekostnad	-	-2 838	-
6540 Inventar (Res)	-10 000	-10 624	-10 000
6545 Foto-og datautstyr	-20 000	-16 544	-15 000
6550 Driftsmateriale	-20 000	-17 024	-20 000
6560 Utstillingskostnader	-30 000	-85 642	-20 000
6600 Reparasjon og vedlikehold bygninger	-250 000	-287 387	-300 000
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr	-5 000	-60 396	-5 000
6691 Brøyting og strøying	-7 000	-7 375	-10 000
6720 Honorar	-10 000	-24 388	-5 000
6800 Kontorrekvisita, tidsskrift	-5 000	-5 609	-10 000
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	-6 000	-1 000	-5 000
6940 Porto	-4 000	-2 756	-5 000
7100 Reise	-4 000	-4 036	-3 000
7162 Bevertning	-7 000	-7 553	-7 000
7320 Annonsering	-15 000	-15 853	-10 000
7400 Kontigenter, gaver	-5 000	-6 122	-5 000
7500 Forsikringspremier	-60 000	-48 756	-45 000
7770 Gebyr	-4 000	-3 146	-5 000
	-1 508 000	-1 142 469	-1 044 000
Resultat	-408 000	79 945	56 000

Sak 8

Innkommen sak til årsmøte Bø museum 25.mars 2025 frå styret.

Saka gjeld avhending /sal av Nistugu Østerli, gr.nr.18 br.nr.5.

Nistugu Østerli var dei første bygningane som danna grunnlaget for oppretting av Bø museum. Allereie i 2006 blei det sett ned eit utval som skulle sjå på kva som skulle skje vidare med denne delen av museet fordi ein ikkje hadde drift eller aktivitet på Østerli. Tilrådinga blei vidare drift og at Telemark Museum skulle ha ansvar for vedlikehald.

Det har ikkje vore særleg drift /aktivitet på Østerli etter dette og bygningane er i dårleg stand.

Styret i Bø museum ser seg ikkje i stand til vidare drift/aktivitet på Østerli og ynskjer å selje bygningane,

Bø museum er i dialog med ny eigar av Østerli, som er interessert i kjøp av Nistugu Østerli og smia.

Samrøystes styre gjorde slikt vedtak i sak 5/25 der det blei gjort vedtak om å sende skriftleg tilbod til grunneigar om å kjøpe bygningane for kr 300 000 med atterhald om godkjenning frå årsmøtet.

Årlege utgifter til forsikring og leige er ca kr 13 000.

Vi har mottatt tilbod frå grunneigar om å kjøpe bygningane for kr.150 000.

Styret i Bø museum ber årsmøtet om å godkjenne sal av Nistugu Østerli.

Bø 04.03.25

Kristin Kleppen

Styreleiar.